

## Fridde gjennom avisa på Valentindagen

16.02.2008

**"Vil du gifte deg med meg, Isabell?" spurte Kristian Helgesen i eit stort oppslag i Helgeland Arbeiderblad på Valentindagen. Isabell var Isabell Stensletten frå Uskedalen (dotter til Christian og MayLis) og dagen etter kunne avisa melde at ho hadde svara ja!**

Kristian la avisa i fanget på Isabell og gjekk ut fra at ha las den.

- Eg trur aldri ho har brukt så lang tid på avisa, ho las alt veldig nøye, ler Kristian.

Men etter intens lesing kom ho til side 25 og ein glad og overraska Isabell svara sjølvsagt ja!

Men det var etter at det hadde vore stille ei stund.....

Ho seier dette til HA, som kjem ut i Mosjøen: "Det var kjempemorosamt at han fridde gjennom avisa, men eg ville sagt ja uansett korleis han hadde gjort det. Kristian er ein fantastisk mann".

Etter Valentindagen drog paret til Østersund for å sjå på VM i skiskyting og for å feira forlovinga.